

Oppmannsrapport i engelsk 2014 sensorregion 7

Sensorskulering

Sensorskuleringa vart halden på Alexandra, Loen 08. og 09. mai. Matilda Burman, seniorrådgjevar i avdeling for vurdering 2 i Utdanningsdirektoratet, heldt innleiinga for engelskfagkurset. Tema var sjølvsagt vurdering, men med eit ekstra fokus på å styrke samanhengen mellom underveis- og sluttvurdering. Tolkingsfellesskap er eit stikkord som sensorskuleringa skaper gjennom arbeidet med drøfting av siste års oppgåver og elevsvar. Kurset er bevisstgjerande og gav gode og opplysende diskusjonar. **Sterk oppmoding om å bruke tid på eigen skule/eige nettverk på vurdering av elevtekstar for å utvikle eit tolkingsfellesskap vidare utover sensorgruppa.** Flott at sensorskuleringa kjem såpass tidleg i forhold til sjølve jobben som sensor, du er i gong! Det er også godt å vere «samlokalisert» med norsk og matematikksensorane, mange interessante samtalar i løpet av samlinga. Modellen ser heldigvis ut til å bli vidareført.

Fellessensuren

Fellessensurmøtet vart avvikla på Aleksandra, Molde i tidsrommet 16. og 17. juni. Oppmann og vara gjekk igjennom årets eksamen og oppgåvesett, orienterte om det som var oppe under førehandssensurmøtet i Oslo og administrert arbeidet rundt vurdering av eksamenskandidatsvar etter årets oppgåver.

Gjennomgang av førebuingsmateriell

Tilbakemeldingar viser at skulane og elevane har vore nøgd med mengda tekst i førebuingsmateriellet. Temaet var aktuelt, nesten alle elevane har klart å produsere eigen tekst ut frå dette. Dei flinkaste har også brukt kunnskap og informasjon frå andre kjelder, men det store fleirtalet har tatt utgangspunkt i dei «offisielle tekstane». Det vart ikkje kommentert noko spesielt rundt korleis tekstane vart opplest, det tolkar eg dit hen at det har fungert godt. Mange elevar har god nytte av å få lytte til tekstane, slik får også dei svakaste lesarane god hjelp.

Kommentarar frå sensorane:

Task 1:

Godt motteken, men mange eksamenskandidatar refererte meir enn dei reflekterte. Skuffande mange elevar på middels nivå har ikkje klart å holde oversikt over geografi og årstal; apartheid eksisterte i USA og Abraham Lincoln og Martin Luther King Jr. var berre nokre tiår frå kvarandre i tid! Mange ulike variantar av *a similar role model*, for å få over middels må ein kunne rekne med

grunngjevingar som går ut over at t.d. mor er viktig for eksamenskandidaten eller at Messi er ein flink fotballspelar. Nokre kandidatar argumenterte også godt for at det ikkje var nokon som var på «same nivå» som Mandela, når argumentasjonen her var god; flott.

Task 2:

Også ei oppgåve dei aller fleste har klart å svare på, over middels må ein her forvente at dei klarer å seie noko om korleis Dr. Martin Luther King Jr. får fram og klarer å underbygge bodskapen sin. Nokre få kandidatar har valt å kommentere sitat frå King Jr. som stod i førebuingsmaterialet, m.a.o. dei har ikkje fått med seg at det var eit tillegg etter oppgåveformuleringane. Kjenner dei svakaste kandidatane uttrykket *Appendix 1*? Ein annan liten kuriosa-observasjon; Dr. King er referert til som Martin, som Luther, som King og til og med som Jr. Interessant!

Task 3:

Blant dei fire oppgåvene var det **i sensorregion 7 vel 45 % av kandidatane som hadde valt 3B, vel 40 % hadde valt 3D, knappe 10 % hadde valt 3A og under 5 % hadde valt 3C**. Det var m.a.o. to «populære» og to «upopulære» oppgåver.

Eit klart inntrykk av at fleire eksamenskandidatar i år enn dei siste åra ikkje har gitt teksten sin ei overskrift. Kan dette vere fordi berre 3B spesifikt bad om tittel på teksten? Eksamenssituasjonen er ny for alle kandidatane, dei er spente og fokusert på å gjere det dei skal. Når tittel då ikkje eksplisitt er bedt om, er det då lettare å gløyme det sjølv om elevane veit at det skal vere med? Blant sensorane vart det uttrykt ynskje om at det for framtida blir ståande at tittel skal vere med.

Nytt av året er at eksamenskandidatane frå vaksenopplæringa vart sensurert saman med 10. klassingane. Det var blant dei relativt mange som, uavhengig av oppgåveval på task 3, har enda opp med å skrive om «eigen situasjon» og som slik slit med å klare å oppfylle dei oppgåvespesifikke krava.

Viktige fokus framover

- Matrisa kan bli betre, den kan bli meir spesifikk og slik bli eit endå betre hjelpemiddel i vurderinga framover. Kva er skilnaden på viser grunnleggande mønster for ordbøyning og setningsbøyning og viser sentrale mønster for ordbøyning og setningsbøyning?
- Kan matrisa konkretiserast for 5-ar og 6-arnivå? 3 og 4?
- Den reviderte læreplanen fører til at det er «lettare» å oppnå karakteren 6. Ein «gamal» 5 + kan i år vere ein svak 6ar. Viktig at «engelsklærarryggmargen» blir justert til revidert, gjeldande læreplan, også for dei skulane som ikkje har sensorar.

- Framleis særer viktig å understreke kor viktig det er å starte med eit heilheitleg blikk på teksten til eksamenskandidaten, sjå på detaljane ut frå oppgåvespesifikke krav, kompetansemåla i læreplanen og matrisa før ein avsluttar med eit totalblikk. Viktig å leite etter det kandidaten kan!
- Bortsett frå ein skule som fekk tekniske problem med opplastinga av nokre få kandidatsvar og som leverte papirutskrifter, var alle svara levert elektronisk; bra.
- Positivt at det frå hausten kjem vurderte tekstar til hjelp for både elevar og lærarar framover.

Statistikk:

Forhåndskarakter

Sist oppdatert : 20.06.2014 - **Hele landet**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	40977	2,6	12,5	30,1	32,5	17,1	5,1	3,6	1,1

Sist oppdatert : 20.06.2014 - **Sensurregion nr 07**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	3096	1,3	12,0	27,9	35,3	19,5	4,0	3,7	1,1

Endelig karakter

Sist oppdatert : 20.06.2014 - **Hele landet**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	20554	2,6	12,1	29,8	33,6	17,2	4,6	3,6	1,1

Sist oppdatert : 20.06.2014 - **Sensurregion nr 07**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	1548	1,6	11,4	27,6	36,2	19,4	3,9	3,7	1,1

Med helsing

Sigrun Rogne (oppmann)